



Notat

Dato: 04.02.2016
Arkivsak: 2014/193-22
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Sentralt AKAN-utval

Årsmelding 2015 frå sentralt AKAN-utval

Det sentrale AKAN-utvalet har i 2015 bestått av:

Bård Sandal	leiar/arbeidsgivarrepresentant
Helene Systad	arbeidsgivarrepresentant
Rune Stadsnes	tillitsvaldrepresentant
Mariann G. Leganger	tillitsvaldrepresentant
Jorunn Bakke Johannessen	fylkeshovudverneombod
Gro Altenau	bedriftslege
Frode Mannsåker	sekretær

Utvalet har hatt fire møte i 2015 (13. februar, 28. april, 22. september og 8. desember). Hovudsaker i møta har vore:

- Handlingsplan for 2015
- AKAN-brosyre – ny versjon
- Revisjon av reglement om servering av alkohol i HFK
- Deltaking på AKAN-dagane i Oslo
- Arrangement og evaluering av AKAN-kurs i HFK
- Revisjon av retningsliner for AKAN-arbeid i HFK
- Møteplan for 2016

AKAN-kurs i HFK vart halde 16. oktober 2015, med 37 deltagarar. Innleiar frå AKAN kompetansesenter, Trygve Fredrik Myhren, hadde først ein generell gjennomgang av AKAN-modellen, AKAN-utval og AKAN-kontakten si rolle, etterfølgt av ein diskusjon om korleis ein går fram når ein kollega har rusproblem. Siste del av kurset var ein gjennomgang av «Dilemma», eit refleksjonsverktøy for alkoholbruk i jobbsamanheng.

Også i 2015 har AKAN vore tema i opplæring for nye leiarar, gjennom HFK Leiarskulen, ca 30 deltagarar. AKAN er og fast tema i Grunnopplæring i arbeidsmiljø, der ca. 40 verneombod og leiarar tok del i 2015. I tillegg har bedriftslegen og medlemmer i sentralt AKAN-utval vorte kontakta og gitt rettleiing i AKAN-spørsmål.

Talet på formaliserte individuelle AKAN-saker i HFK var lågt også i 2015 (fem saker er registrert i Bedriftshelsetenesta). Det er framleis grunn til å tru at ein del problem med rus og pengespel blant dei tilsette i HFK ikkje vert avdekka eller ikkje vert teken opp av nærmeste leiar.

Handlingsplanen for AKAN-arbeidet i 2015 er i hovudsak følgt opp. Status for tiltaka er markert i planen, som følgjer som vedlegg til årsmeldinga. Ny handlingsplan for 2016 ligg ved til informasjon.

Vedlegg: Handlingsplan for 2015, ajourført pr. 31.12.2015
 Handlingsplan for 2016